

Vedlegg 1

Evaluering - 2025



Innhald

Innleiing og bakgrunn.....	3
Administrasjon.....	6
Årleg evaluering.....	6
Evaluering 2025	6
Oppvekst og kultur.....	7
Årleg evaluering.....	7
Evaluering 2025	7
Helse og omsorg	14
Årleg evaluering.....	14
Evaluering 2025	14
Utvikling og drift	21
Årleg evaluering.....	21
Evaluering 2025	21



Innleiing og bakgrunn

Etne kommune vedtok strategidokumentet ***Etne 2030 – Vegen mot 2040*** i kommunestyresak 073/24 den 17. september 2024. Dokumentet peikar ut dei langsiktige måla og prioriteringane for kommunen fram mot 2040, og skal vere eit styringsverktøy for planlegging, utvikling og ressursbruk.

Som ein del av oppfølgingsarbeidet utarbeider administrasjonen kvart år eit **evalueringsvedlegg**. Føremålet med dette er å sikre at strategidokumentet til ei kvar tid er oppdatert, relevant og kunnskapsbasert. Evalueringa skal vise korleis kommunen ligg an i høve til dei vedtekne måla, og legg grunnlag for justeringar der utviklinga tilseier endringar i tiltak eller prioriteringar.


Eit sentralt element i evalueringa er oppdatering av kunnskapsgrunnlaget. Dei nyaste tala frå nasjonale og lokale kjelder, som statistikkar, prognosar og framskrivingar, blir lagde inn i tabellar og analyserte. Slik blir både planforutsetningar og faktiske utviklingstrekk haldne opp mot kvarandre for å gi eit oppdatert bilete av kommunen si utvikling.

Vidare blir det vurdert behov for tilpassingar av mål og tiltak, slik at planverket held fram med å vere eit treffsikkert og realistisk styringsverktøy for kommunen. Dette dokumentet er dermed både ei statusoppdatering og eit grunnlag for vidare strategisk arbeid fram mot 2040.


Befolkning Etne kommune per 1. januar.

Etne	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Prognose	4072	4056	4040	4022	4008	3995	3984
Resultat	4073	4093					

- I 2025 er det +37 personar i Etne kommune i forhold til prognose.




Kjelde: Demografimodell – KS - 2023




Kjelde: Demografimodell – KS - 2025

Utvikling i folketal har hatt ein betre utvikling enn kva ein såg føre seg. Opprinneleg skulle folketallet gå kontinuerleg ned frå 2017. Utviklinga no viser at det har våre ein oppsving frå 2022 fram til i dag (2025).



Kjelde: KS - 2023



Kjelde: KS - 2025

Utgiftsbehovet i alt er noko redusert. Det betyr at dei samla utgiftene til Etne kommune går ned om ein klarar å redusere nivået. Rammetilskotet er forventet å bli nedjustert i tråd med dette.


Administrasjon

Årleg evaluering

Tiltak - Administrasjon	2025-2030	Status	Framgang	Kommentar
Reduksjon årsverk	-2 000 000	På plan	0 %	Det er ikkje effektivisert reduksjon i årsverk enda. Tiltaket er lagt inn i økonomiplan med verknad frå 2027.
Innkjøp	-200 000	På plan	50 %	Om lag halvparten av tiltaket er iverksett, resten er forventa effektivisert innan 2027
TOT	-2 200 000			

Evaluering 2025

Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2021	2022	2023	2024
Etne	7 132	8 764	8 427	8 823
Vindafjord	4 874	4 820	4 895	5 395
Sveio	4 036	4 031	4 909	4 911
Sauda	6 352	6 361	7 728	8 449
Kvinnherad	5 194	5 529	5 827	5 524
Bømlo	4 131	4 250	4 534	4 526

Digitalisering påverkar administrasjonen i stor grad. Effektivisering av arbeidsprosesser og innkjøp av nye programvarer som forenkler arbeidsoppgåvene bidrar til å forberede administrasjonen på reduksjonen i årsverk.

Overgang til IKTNH har allerede vist igjen med reduksjon i kostnad til lisensar og programvare. Dette vil igjen bidra til reduksjonen i årsverk i sektoren. Ser ikkje behov for å endre eller legge til tiltak for å nå

målsetjinga i Etne 2030. Ved å bli med i IKTNH vil ein også sjå effekt av stordriftsfordelane ved å samarbeide med dei andre kommunane.

Kommunen kjem ut med høge brutto driftsutgifter til administrasjonen samanlikna med andre kommunar. Ei viktig forklaring på dette er rekneskapspraksisen, der fleire fellesutgifter – som programvarelisensar og innkjøp av IKT-utstyr for heile kommunen – blir ført under administrasjon. Dette gjev eit bilete av høgare administrative kostnader enn det som reelt sett går til administrativ drift.

Oppvekst og kultur

Årleg evaluering

Tiltak - Oppvekst og kultur	2025-2030	Beskrivelse
Justering av tal tilsette	-7 800 000	Barnehage, skule, støtteeininger
Innkjøp	-400 000	Liten reduksjon kvart år framover
Samarbeid mellom einingane	-100 000	Felles bruk av personale, vikarar
TOT	-8 300 000	

Evaluering 2025

I denne evalueringa blir det vist endringar i tabellar og diagram som blei laga i arbeidet med konsekvensutgreiinga til Etne 2030. Korrigeringar av talet born er gjort i både barnehage og skule.

Arbeidet med Etne 2030 har gitt oss alle ei større bevisstheit rundt den økonomiske styringa i våre einingar. Det er ein større kontroll og ei betre oversikt. Me ser framover på ein måte som gir oss ro og ein betre måte å styra på. Det kjem ikkje som nokon overrasking det som skjer, og me er budd på situasjonane.

Me veit nå kor mange born som blei fødde i 2024, og me veit kor mange me ventar for 2025. Me brukar SSB sine tal for framskriving i arbeidet, men har nå fleire faktiske tal å visa til. Her kan det sjølvstøtt skje endringar, me har tilflyttingar og dei som flyttar frå kommunen. Det er også lagt inn nye diagram henta frå Kostra-tal for å visa sektoren samanlikna med andre kommunar.

Det har ikkje vore gjort justeringar av talet tilsette mot talet born i skulane ennå, men det har det vore for barnehagane våre dei siste åra. Det er for barnehagane våre viktig å vera fleksible. Dette er ikkje berre enkelt og krev at me startar tideleg. Det har nå i vår og haust vore ei auke av born som har søkt plass i Enge barnehage, meir enn me la inn i våre prognosar for 2025. Dette er godt nytt og me startar 2026 med å auka opp talet tilsette i barnehagen. Sjølv om me nå har ei auke, vil det neste haust igjen vera ein nedgang i talet born i barnehagane våre, og me må igjen gjera tilpassingar. I Skånevik barnehage har me i løpet av hausten 2025 gjort justeringar av talet tilsette i forhold til talet born og flytta ressursar frå barnehagen til Enge skule då det var eit behov for tilsette ved skule. Desse justeringane av talet tilsette i forhold til talet born prøver me å planleggja godt for og det er ein del av vårt arbeid med budsjettet for 2026.

Tiltak - Oppvekst og kultur	2025-2030	Status	Framgang	Kommentar
-----------------------------	-----------	--------	----------	-----------

Justering av tal tilsette	-7 800 000	På plan	50 %	Det blir gjort justeringa av årsverk etter norm i barnehagane. I skulane ligg det ei justering fram i tid, justering etter talet born når det blir reduksjon i talet klassar.
Innkjøp	-400 000	Etter plan	40 %	Nokre einingar har henta inn pengar på innkjøp, andre einingar treng litt meir tid på å henta inn. Forventar ferdig innan 2028.
Samarbeid mellom einingane	-100 000	Etter plan	0 %	Dette tiltaket blei laga med tanke på eit større samarbeid mellom barnehage og skule i Skånevik. Me vel å ha tiltaket inne vidare. Me jobbar med samarbeid på tvers av våre einingar og ser at det er hjelp mellom barnehage og skule både i Skånevik og Etne. Dette er ikkje prissett. Fram i tid vil det vera både viktig og naudsynt med eit samarbeid og me har tru på at dette vil gi reduksjon i utgifter.
TOT	-8 300 000			

Framskriving av talet born:

Tabellen under her viser SSB si framskriving av tala fødde i Etne kommune for dei kommande åra. Tala som ligg i parentes er faktiske tal. Det er fødd 27 born i kommunen i 2024 og det er venta 23 born i 2025 som me kjenner til. Framskrivinga til SSB var at det skulle bli fødd 42 born i 2024. Til nå har me vore under nivået til SSB.

Årstal	SSB	Etne	Skånevik
2024	42 (27)	37 (20)	5 (7)
2025	28 (23)	24 (20)	4 (3)
2026	29	24	5
2027	31	26	5
2028	32	27	5
2029	33	29	4
2030	35	31	4
2031	36	32	4
2032	37	31	4

Barnehage:

Tabellen under viser tal for framskriving av nye born i kommunen henta frå SSB. Tala som ligg i parentes er born som nå går i barnehagane våre. Dette er vist slik for å visa forskjellen på desse og

tala meldt av SSB. Raude tal er lagt inn basert på framskrivinga. Det er også gjort ei fordeling av born til Enge barnehage og privat barnehage. Grøne tal er tal me har lagt inn basert på fordeling mellom barnehagane og del av fødselstal for 2025. Ikkje alle startar i barnehagen når dei er 1 år, difor er dette også vist med ei auke i tal born etter alder i framskrivinga. Det har vore ei større auke i Enge barnehage enn me rekna med basert på framskrivinga for 2025 og starten på 2026. Det er fleire born som har valt Enge barnehage i staden for privat barnehage. Det er meldt om nye innbyggjarar til Skånevik med born i barnehagen. Dette er tatt inn i tala som er vist under. Tala under her er ikkje endelege. Det blir gjort justeringar heile tida, og budsjettet me lagar for 2026 er basert på det me trur på i tillegg til det me har av informasjon.

Enge barnehage dei neste åra:

Oversikt barn	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
0-1 år	14 ⁽¹⁹⁾	10 ⁽¹⁰⁾	10	12	13	14	15	16
2 år	26 ⁽¹⁸⁾	19 ⁽¹⁹⁾	15 ⁽¹⁰⁾	15	14	16	17	17
3 år	10 ⁽²⁹⁾	15 ⁽¹⁸⁾	19	15 ⁽¹⁰⁾	15	14	16	17
4 år	14 ⁽¹²⁾	26 ⁽²⁹⁾	15 ⁽¹⁸⁾	19	15 ⁽¹⁰⁾	15	14	16
5 år	23 ⁽¹⁸⁾	10 ⁽¹²⁾	26 ⁽²⁹⁾	15 ⁽¹⁸⁾	19	15 ⁽¹⁰⁾	15	14
6 år								
Sum oversikt barn	87 ⁽⁹⁶⁾	80 ⁽⁸⁸⁾	85 ⁽⁸⁶⁾	76 ⁽⁷⁴⁾	76 ⁽⁷¹⁾	74 ⁽⁶⁰⁾	77	80

Skånevik barnehage dei neste åra:

Oversikt barn	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
0-1 år	4 ⁽³⁾	4 ⁽³⁾	4	4	4	4	5	5
2 år	5 ⁽⁶⁾	4 ⁽⁵⁾	4 ⁽³⁾	4	4	4	4	5
3 år	4	5 ⁽⁵⁾	5	4 ⁽³⁾	4	4	4	4
4 år	7	4	5 ⁽⁵⁾	6 ⁽⁵⁾	4 ⁽³⁾	4	4	4
5 år	4	7	4	5 ⁽⁶⁾	8 ⁽⁵⁾	4 ⁽³⁾	4	4
6 år								
Sum oversikt barn	24 ⁽²⁵⁾	24 ⁽²⁴⁾	22 ⁽¹⁸⁾	23 ⁽²²⁾	23 ⁽²⁰⁾	20 ⁽¹⁹⁾	21	22

Skule:

Tala under her er faktiske tal henta ut i frå systemet me har på skulane. Dei grønne tala er det me har fått meldt frå helse om forventa fødde. Dei raude tala er tar basert på SSB. Det har vore ein liten nedgang i elevtalet på Skånevik skule og ei auke på Enge skule. Nye innbyggjarar som er venta til Skånevik på nyåret er ikkje tatt med i desse tala.

Skånevik skule dei neste åra:

Oversikt elevar	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
1. trinn	8	6	4	7	4	5	3	3
2. trinn	8	9	6	4	8	4	5	3
3. trinn	4	8	9	6	4	8	4	5
4. trinn	7	4	8	9	6	4	8	4
5. trinn	15	7	4	8	9	6	4	8
6. trinn	10	16	7	4	8	9	6	4
7. trinn	16	11	16	7	4	8	9	6
Sum 1. - 7. trinn	68	61	54	45	43	44	39	33
8. trinn	12	16	11	16	7	4	8	9
9. trinn	10	11	16	11	16	7	4	8
10. trinn	13	10	11	16	11	16	7	4
Sum 8. - 10. trinn	35	37	38	43	34	27	19	21
Sum elevar	103	98	92	88	77	71	58	54

Enge skule dei neste åra:

Oversikt elevar	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
1. trinn	42	41	30	30	54	20	24	20
2. trinn	39	42	41	30	30	54	20	24
3. trinn	52	39	42	41	30	30	54	20
4. trinn	43	53	39	42	41	30	30	54
5. trinn	26	43	52	39	42	41	30	30
6. trinn	39	26	43	52	39	42	41	30
7. trinn	49	41	26	43	52	39	42	41
Sum 1. - 7. trinn	290	285	273	277	288	256	241	219
8. trinn	60	51	39	26	43	52	39	42
9. trinn	38	61	51	39	26	43	52	39
10. trinn	39	38	61	51	39	26	43	52
Sum 8.-10. trinn	137	150	151	116	108	121	134	133
Sum elevar	427	435	424	393	396	377	375	352

Tiltak - justering etter talet born

Det blir gjort justeringar av tilsette som samsvarar med demografien. Det betyr at det i våre barnehagar vil vera justeringar for å gjera tilpassingar slik at me treff norma. Nå har me prøvd å leggja oss litt over norma, dette for å sikra god kvalitet og unngå ulike vikarar innom, men også for at me då kan ha noko å gå på om det kjem tilflyttarar til kommunen. Desse vurderingane blir ein del av budsjettarbeidet kvar haust. Det blir også samarbeida mellom einingar for å nytta ledig kapasitet utan at me må flytta på våre tilsette. Me har td. i haust eit samarbeid mellom Skånevik barnehage og Skånevik skule om SFO. Dette skjer i barnehagen ved hjelp av tilsette i barnehagen.


Det er lagt inn justeringar i skulane som samsvarar med talet born. Det går til dømes ut eit stort kull på 61 elevar våren 2027 på Enge skule og det kjem inn ei gruppe på 30 elevar. Ein går frå å vera 424 elevar til å bli 393. Tabellen under viser forholdet mellom elevar og årsverk i skulane. Talet elev er ikkje berre det me må sjå på i tida som kjem. Me har fått ei auke av elevar som har vedvarande store strev som må ha ekstra tilsette rundt seg. Dette må det også planleggjast for i tida som kjem. Tal elevar er basert på det som ligg inne i systemet i dag i tillegg til framskriving frå SSB.

Enge skule	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Elevar	427	435	424	393	396	377	375
Årsverk	60,22	60,22	60,2	58,2	58,2	57,2	57,2
Grupper	21	21	21	20	20	19	19
Forhold elev/årverk	7,090668	7,223514	7,043189	6,752577	6,804124	6,590909	6,555944
Pedagogtettleik	42,29	42,29	42,29	40,31	40,31	39,93	39,93
Forhold elev/pedagog	10,09695	10,28612	10,02601	9,749442	9,823865	9,441523	9,391435


Skånevik skule	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Elevar	103	98	92	88	77	71	58
Årsverk	16,94	16,94	15,5	14,5	14,5	13,3	12,5
Grupper	7	6	6	6	6	5	4
Forhold elev/årsverk	6,080283	5,785124	5,935484	6,068966	5,310345	5,338346	4,64
Pedagogtettleik	11,8	11,8	10,8	9,8	9,8	8,8	8
Forhold elev/pedagog	8,728814	8,305085	8,518519	8,979592	7,857143	8,068182	7,25

Fakta – kostra og nøkkeltal


Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til barnehage vist i diagrammet under viser at Etne kommune i fleire av åra har brukt mest av dei kommunane me samanliknar oss med. Dette heng saman med at me har ei bemanning over norm i barnehagane våre. Me har også eit spesialpedagogisk team med ressurs til born med vedtak, men også friressurs til dei som strevar utan vedtak. Ei av dei som jobbar i spesialpedagogisk team vil i tida som kjem få oppgåva som logoped i det førebyggjande, då ho har dette i sin utdanning. Dette for å setja i verk rett hjelp til rett tid og unngå oppmeldingar knytt til språk og uttale. Det vil bli ledige ressursar også i det spesialpedagogiske teamet om talet born held fram med å gå nedover.




Netto driftsutgifter per innbyggjar for grunnskulen vist i diagrammet under viser at det har vore ei auke i driftsutgifter for fleire kommunar. Etne kommune ligg litt over gjennomsnittet.



Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar: Det ligg ikkje inne endringar i årsverk i kultur eller kulturskulen.



Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til barnevern viser at Etne kommune ligg litt under fleire av samanlikningskommunane, og litt under gjennomsnittet.



Helse og omsorg

Årleg evaluering

Tiltak - Helse og omsorg	2025-2030	Status	Framgang	Kommentar
Justering av tal tilsette	-3 500 000	På plan	100 %	Redusert budsjett med 4,82 årsverk /kr 3,790 000 i Pleie og omsorg og miljøarbeidstenesta. Rekneskap viser eit meirforbruk på fastlønn per idag, men det er grunna utbetaling av feil lønnsnivå, noko feilføring og fastlønn istadenfor vikar.
Justering av tal tilsette	-1 000 000	På plan	0 %	Det er planlagt for justering av tenester til barn og unge når demografien endrar seg i 2027/2028.
Innkjøp	-700 000	På plan	100 %	Vikarbyrå er redusert med om lag kr1,2 mill i budsjett og rekneskap viser ein reduksjon på kr 800 000
Reduksjon kostnader døgnmulkt	-100 000	På plan	50 %	Har justert budsjett for kostnader for døgnmulkt jamfør plan. Erfaring og rekneskap viser at me ikkje har lukkast å ta imot alle utskrivingssklare grunna samtidskonflikt.
Justering driftskostnad	-300 000	På plan	0 %	Planlagt for redusert drittskostnad hos NAV innan 2027.
TOT	-5 600 000			

Evaluering 2025

Oppsummert har sektoren gjennomført dei planlagde tiltaka for året, med justeringar i årsverk innan pleie og omsorg samt miljøarbeidstenesta. I tråd med vedtatt plan er innkjøpskostnadane redusert. Sjå kommentarar i tabell over.

Evalueringsdokumentet viser i tillegg oppdaterte kunnskapsgrunnlag, litt om utfordringar til nå og plan for det vidare arbeidet.

Oppdatert kunnskapsgrunnlag

Oppdaterte tal for 2024 lagt til tabell på side 20-21. Oppdaterte tal for 2024, viser at det var ein reduksjon i talet på tildelte tenestetimar og ein liten auke i tal brukarar i 2024. Endringa i tal timar støttar tiltaket om reduksjon av årsverk i PLO og miljøarbeidstenesta for 2025. Tala får ingen påverknad for tiltaka i Etne 2030 per nå. Andre nøkkeltal frå Kostra som var ein del av strategidokumentet, er oppdatert med tal og kommentar. (Diagram)

Utfordringar

Ei sentral utfordring i 2025 har vore fleire brukarar med særlege og samansette behov for helse og omsorgstenester. Dette har kravd individuelle vurderingar og målretta tiltak som har hatt ein kostnad

utover budsjett. Det er risiko for at slike behov kan komme, og det kan påvirke gjennomføringa av tiltak innan helse og omsorg.

Kommunen opplevde i 2023 eit krevjande år der ein ikkje hadde kapasitet til å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehus, noko som medførte døgnmulkt på kr 683 000. Som mottiltak vart det etablert moglegheit for dobbeltrom på enkelte korttidsrom i institusjon. I 2024 tok me imot fleire av dei utskrivingsklare pasientane, og det vart lagt inn tiltak om reduksjon av budsjetterte midlar til døgnmulkt for 2025. Det har til nå i år vore periodar der det har vore samtidskonfliktar med både utskrivingsklare pasientar, full institusjon og manglande kapasitet for dobbeltrom. Dette har ført til at pasientar må opphalde seg lengre på sjukehus, med påfølgande døgnmulkt til kommunen. Per nå er avviket om lag kr 63 000 mot eit årsbudsjett på kr 175 500. Me føl utviklinga.

Plan for 2026

Plan for 2026 er å arbeide med å halde ramma for årsverk i PLO og miljøarbeidstenesta. For å få til dette, må me skapa meir handlingsrom gjennom:

- god ressursstyring og prioritering – sikre at ressursane blir brukt der behovet størst, og at me har fleksibilitet til å møte endringar i brukargruppa.
- Tett oppfølging av brukarutvikling -følgje med på tal i brukarar og behov slik at me fortløpande kan tilpasse bemanning og tiltak fortløpande.
- Individuelle vurderingar og målretta tiltak – særleg for brukarar med omfattande behov, der me må vurdere tiltak og ressursbruk nøye i kvar sak.
- Kontinuerleg vurdering av driftsrutinar og arbeidsprosessar – for å finna nye måtar å arbeide meir effektivt på, utan at det går utover kvaliteten på tenestene.
- Tverrfagleg samarbeid – bruke kompetansen i heile organisasjonen for å finne gode løysingar og støtte kvarandre på tvers av einingar.


Oppdaterte nøkkeltal

Tabell under viser utvikling netto driftskostnad per innbyggjar for pleie- og omsorgstenester, utvikling av tal årsverk i helse og omsorg mot leverte timar til helsetenester og praktisk bistand inkl. praktisk hjelp, opplæring og daglege gjeremål. Endring i tabell, er markert med raudt.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	merknad
Utvikling årsverk tenestekontor						1,78	2,6	Oppgåver og ressursar til tenestekontor vart flytta frå einingane til eigen avdeling. Styrkinga frå 2023-24 gjeld tiltak for e-helse, digitalisering og velferdsteknologi.


Utvikling årsverk Pleie og omsorg	73,76	75,6	75,81	83,58	83,68	83,91	86,8	Utvikling gjeld m.a k-012/20. Styrka 400% sjukepl, 250% helsefag, 276% ass. Mm.
Utvikling årsverk helse	37,77	37,45	41,02	41,36	43,14	43,43	43,2	Utvikling gjeld m.a overgang til fastlønna fastlege 100%, hjelpepersonell legekantor 40%, fysioterapeut 20%, rest er knytt til miljøarbeidstenesta og omsorgsstønad
Utvikling tal brukarar av heimetenester inkl miljøarbeidstenesta (tal frå SSB tabell 12003)	148	212	197	177	173	178	184	Tal per 31.12 kvart år. Tal frå 2018 er usikre, då det kan sjå ut som at rapporteringa ikkje er fullstendig.
Utvikling timetal, helsestenester i heimen(private heimar, heildøgnsbemanna bustadar mm)(tal frå SSB tabell 11643)	19 062	26 959	32 088	30 839	30 292	28 278	20779	tal per 31.12 kvart år. Tal frå 2018 er usikre, då det kan sjå ut som at rapporteringa ikkje er fullstendig.
Utvikling praktisk hjelp-opplæring-daglege gjeremål(Tal frå SSB 11643)	35 183	35 035	42 362	42 645	43 052	43 222	36779	om lag 90% av timane er knytt til yngre tenestemottakarar der tenester blir levert av t.d miljøarbeidstenesta eller av eksterne tenesteleverandørar

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B)




	2021	2022	2023	2024
Etne	27 455	30 907	35 532	33 082
Vindafjord	24 273	27 094	28 621	27 828
Sauda	36 217	37 029	40 500	37 258
Sveio	20 632	23 606	25 456	25 891
Kvinnherad	25 360	33 711	37 624	37 089
Kostragruppe 04	27 644	30 356	33 601	33 724

Kommentar: Diagrammet over viser utvikling av netto driftsutgifter per innbygger til pleie og omsorgstenester. Tal for 2024 viser at kostnad er redusert frå 2023, men kostnadsnivå på tenestene ligg fortsatt noko høgt samanlikna med Sveio og Vindafjord.




	2020	2021	2022	2023
Etne	14 906	15 175	17 309	19 987
Vindafjord	10 212	11 269	12 915	13 738
Sauda	22 256	24 823	25 188	27 853
Sveio	9 730	11 821	13 308	14 280
Kvinnherad	13 277	11 913	17 924	19 921

Netto driftsutgifter per innbygger (257) hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samlokaliserte omsorgsboliger (B)




	2021	2022	2023	2024
Etne				7 194
Vindafjord				4 662
Sauda				16 533
Sveio				8 831
Kvinnherad				11 058
Kostragruppe 04				8 903

Netto driftsutgifter per innbygger (258) hjemmetjenester - ambulerende virksomhet med mer (B)




	2021	2022	2023	2024
Etne				10 866
Vindafjord				8 106
Sauda				7 755
Sveio				5 283
Kvinnherad				9 327
Kostragruppe 04				8 780

Kommentar: Diagrammet 254 er erstatta med dei to diagramma 257 og 258. Samla sett for diagramma 257 og 258 i 2024, så har kommunen ein netto driftsutgift på kr 18 060 mot kr 19 987 i år 2023.



Kommentar: Kvalifiseringsordninga har hatt reduserte kostnader frå 2023 til 2024.

Netto driftsutgifter per innbygger (281) økonomisk sosialhjelp (B)



	2021	2022	2023	2024
Etne	1 161	1 395	1 491	1 737
Vindafjord	681	1 145	1 546	2 269
Sauda	358	424	464	1 667
Sveio	699	749	990	1 148
Kvinnherad	585	708	1 132	1 110
Kostragruppe 04	816	1 126	1 647	2 010

Kommentar: Utvikling av netto driftsutgifter viser ein auke. Me føl utviklinga.

Utvikling og drift

Årleg evaluering

Tiltak i Etne 2025 for sektor Utvikling og drift er som følgjer:

Tiltak - Utvikling og drift	2025-2030	Beskrivelse
Reduksjon årsverk	-800 000	Drift og Vedlikehald
Reduksjon årsverk	-2 000 000	Utvikling
Innkjøp	-100 000	Alle einingar reduserer 1% årleg
Energieffektivisering	-900 000	Ledlys, energikjelder, enøk
TOT	-3 800 000	

Evaluering 2025

Ei evaluering på tiltaksnivå av Etne 2030 i 2025 ser slik ut:

Tiltak	Status	Framgang	Kommentar
Reduksjon årsverk Drift og vedlikehald	På plan	0%	Det er ikkje effektivisert reduksjon i årsverk endå. Fyrste årsverk vil etter planen kunne effektiviserast i 2026, og seinast innan 2029.
Reduksjon årsverk Utvikling	På plan	0%	Det er ikkje effektivisert reduksjon i årsverk endå. Fyrste årsverk vil etter planen kunne effektiviserast i 2027, og seinast innan 2030.
Innkjøp	På plan	100%	Innsparinga er del av budsjett for kvart år.
Energi-effektivisering	Etter plan	0%	Innsparinga har vist seg vanskelegare enn forutsett, med liten effekt. Vil ligge på plan ved nye tiltak ved ombygging av Tinghuset, forventast effektivisert innan 2027.

Tabell for status av tiltak i Etne 2030, evaluert i 2025.


Det er gjort endring i tekst under delkapittel Kommunal bygningsmasse og eigedom og energikostnader. Graf for utgifter til vedlikehaldsaktivitetar i kommunal eigedomsforvaltning pr m2 er oppdatert.

Energi- og energikostnader

Sjølv med fleire prosjekt for å auke energieffektiviteten, som inkluderer bytte til LED-belysning i kommunale bygningar og utandørs gatelys, lys-styring, samt oppgradering til vassbårne varmpumper i utvalde fasilitetar, ser me ikkje effekten som var forventast. Her vart det estimert ein betydeleg reduksjon i straumkostnader, noko som ikkje har gitt utslag i 2025. Som forklaring vert det peika på høge straumprisar, feil evaluering av innsparingseffekt, og klima.

Kommunal bygningsmasse og eigedom

Bygningsmassen er for 2025 oppdatert til å vere eit totalt bygningsareal på 34 589 m2, og eit tilsvarande reinhaldsareal på 25 628 m2. Etne kommune ligg på 2184 m2 per årsverk på reinhald med korrigerte tal for 2025. Til samanlikning har andre kommunar på Haugalandet som Haugesund 1919 m2 per årsverk, Vindafjord 1776,34 m2 per årsverk, og Karmøy 1793 m2 per årsverk.



Oppdatert graf for utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning pr m2.